



KYSTVERKET

Trøndelag fylkeskommune
Fylkes hus Postboks 2560
7735 STEINKJER

Dykkar ref

Vår ref
2021/1707-16

Arkiv nr

Sakshandsamar
Tormod Hjørungnes Engen

Dato
30.06.2025

Fråsegn til høyring av planprogram og hovudutfordringar for regional vassforvaltningsplan 2028-2033 - Trøndelag fylke

Viser til høyringsdokumenta framlagt i «Vannportalen».

Kystverket i vassforvaltningsarbeidet

Kystverket er ein nasjonal etat knytt til Nærings- og fiskeridepartementet med fagleg ansvar for kystforvaltning, ferdsla på sjøen og beredskap mot akutt forureining. Kystverket skal gjennom handsaming av planar og tiltak ta vare på føremålet med «lov om havner og farvann.» Føremålet med lova er å fremje sjøtransport som transportform og å legge til rette for effektiv, sikker og miljøvenleg bruk av hamn og farvatn, samstundes med omsyna til eit konkurransedyktig næringsliv og nasjonale forsvars- og beredskapsinteresser.

Det er i kystvassførekomstane Kystverket i hovudsak har sitt virke. I arbeidet med vassforvaltningsplanane har Kystverket som sektoretat plikt til å bidra med informasjon, kunnskap og overvakingsdata knytt til eige fagområde.

Det lovmessige virkemiddel Kystverket rår over i vassforvaltningsarbeidet er i hovudsak:

- vilkårssetting i enkeltvedtak (etter hamne- og farvasslova) for å unngå/reducere negativ påverknad på miljøtilstanden i vassførekomsten.
- myndesutøving ved akutt forureining med heimel i forureiningslova. Dette gjeld for alle typar akutt forureining i alle typar vassførekomstar og på land.

Kystverket har elles gjennom si operative verksemd ein førebyggjande funksjon ved å:

- redusere risiko for ulykker og akutt forureining gjennom sikring og utbetring av farvatnet for sjøtransporten.
- redusere miljøskadar frå akutt forureining ved å inneha ansvaret for statens beredskap mot akutt forureining.

Kystverket har og i sitt eigarskap maritime infrastrukturar (moloar, kaier) som i nokre kystvassførekomstar er oppgitt til å vere faktor for påverknad av vasskvaliteten. Effekter av maritim infrastruktur på økologisk tilstand i vassførekomstane er utgreidd i eigen rapport.

Kystverket tilfører også miljødata til «Vannmiljø» frå eigne utbyggingstiltak i farleier og hamner.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



Vår vurdering av planprogram og hovudutfordringar for 2028 -2033

Gjennom deltaking på møter i arbeidsutvalet i vassregionen har Kystverket vore med på utarbeiding av plandokumenta. Dei synest representative og føremålstenlege for dei utfordringar vassførekomstane står ovanfor i dag og det arbeid og organisering som må til for revidere vassforvaltningsplanen 2028 - 2033 for vassregionen. Kystverket finn i dokumenta ikkje noko særskilt å legge til eller å trekke i frå og finn dei til å vere i samsvar med Kystverket sine sektoromsyn. Kystverket har såleis ikkje vesentleg å merke til høyringa.

Med helsing

Anne Britt Ottøy
fungerande avdelingsleiar

Tormod Hjørungnes Engen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Fiskeridirektoratet
Statsforvalteren i Trøndelag

Postboks 185 Sentrum
Postboks 2600

5804 BERGEN
7734 STEINKJER